

**Fylkesstyret:**

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar		95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar		48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem		90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem		41518991	hfraf@broadpark.no
Audun Skjervøy, 6210 Valldal	Styremedlem	Forfall	99579175	audun@storstova.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	1. vara		99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Solveig Linge Stakkestad, 6210 Valldal	Fylkesleiar BKL		95856643	solveig@linge.bz
Kari Haugen, Hovdal, 7620 Skogn	Fylkesleiar BU	Forfall	97171623	haugenkari@live.no
<b>Til orientering:</b>				
Janne Mork, 6530 Averøy	2. vara		90030329	janne.mork@svorka.net
Petter Melchior, 6214 Norddal	3. vara		92283477	petter.melchior@c2i.net
<b>Sekretariatet:</b>		<b>Tlf. arbeid</b>		
Gunnar K. Wentzel – møtte	org.-sjef	71202897	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlien – møtte	org.-konsulent	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen møtt 7.12.	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad møtt 7.12.	førstekonsulent	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

## Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag tysdag 7. og onsdag 8. desember 2010 på Skarstua mellom Molde og Fræna

Styremøtet sett kl 11.00.

### 1/2010 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend med tillegg om Kvoteordninga for mjølk og sak frå Hildre og Vatne Bondelag.

### 2/2010 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 5. november 2010

**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 5. november 2010 godkjend.

### SAK 53.3/2010: Årsmøterunden i lokallaga – meir oppsummering

**Vedlegg:** Liste over årsmøtedatoar i lokallaga pr. 29. nov  
Årsmøteval i lokallaga pr. 26. nov  
Liste over tillitsvalde i lokallaga pr. 26. Nov

**Vedtak:** Styret vil be lag som ikkje har hatt årsmøte på mange år om å slå seg saman med nabolag, særleg med sikte på samling av lag innan ein kommune. Der det vil virke positivt å gå utover kommunegrensene bør dette heller ikkje vere ei absolutt grense for ny organisering.

Eit fungerande lokallag er ein viktig del av det samla tilbod til medlemene og for å ta vare på medlemene sine interesser i kommunen. Lokallaga har her eit klårt ansvar.

Fylkeslaget kan hjelpe til med utsending av innkalling og opplegg for årsmøte ved samanslåing.

Lokallag som ikkje har årsmøte får heller ikkje tilbakeført lokallagsmidlar frå Norges Bondelag.

Lokallaga er som fylkeslaget arbeidsorgan for Norges Bondelag.

Samanslåing kan bli teke opp som tema på neste Leiarmøte.

#### Bondelagets Servicekontor AS

<b>Postadresse:</b> PB 2047 Moldegård 6402 Molde	<b>Besøksadresse:</b> Fannestrandveien 63. Molde	<b>Telefon:</b> 71 20 28 90	<b>Mobil:</b> 907 29 582	<b>E-postadresse:</b> More.romsdal@bondelaget.no
<b>Møre og Romsdal Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 939678670	<b>Bankkonto:</b> 3980.07.11308	<b>Internet:</b>	
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b> 8101.05.91392		www.bondelaget.no/moreogromsdal

Fylkeslaget vil normalt ikkje lenger delta på årsmøte i lokallaga etter fristen for årsmøte. Dette av di fristen for årsmøte er naudsynt for å ha ein effektiv og samordna organisasjon slik medlemene ønskjer seg. Vidare at nye tillitsvalde kan delta på samlingar for tillitsvalde etter at valet er gjort.

Styret vil vurdere å drøfte på årsmøtet og fram til sommaren om fylkeslaget skal sette opp dato for årsmøte i lokallaga med sikte på at årsmøta blir halde innan ein evt ny frist den 15. oktober. Fleire fylkeslag og andre organisasjonar som Allskog gjer dette.

### **SAK 60/2010: Leiarmøtet – samling lokale tillitsvalde 12.-13. november – Oppsummering**

Omtale og bilete frå Leiarmøtet er lagt ut på heimesida.

Leiarmøtet vart halde på Hotell Alexandra i Molde fredag 12. og laurdag 13. november. Første dag var sett av til temakurs om landbrukspolitikk og organisasjonskurs for nye tillitsvalde i lokallaga. Laurdag var det meir vanlege næringspolitiske og faglege saker felles for alle. Som ein viktig del av Bondelaget si satsing på tillitsvalde på alle plan i organisasjonen, var heile styret i lokallaga invitert til ein eller to dagar etter ønskje.

**Totalt deltok det 67 personar på Leiarmøtet ein eller to dagar.** Av desse var det 49 tillitsvalde frå 31 lokale bondelag, 10 tillitsvalgte/tilsette frå fylkesstyret/-kontoret og 8 innleiarar/gjestar. 13 lokale Bondelag stilte med to eller fleire deltakarar.

**Vedtak:** Styret konkluderer med at:

- Sette av tid til gruppevis samtale og arbeide med tema som er teke opp.
- Prøve å invitere lag som ikkje møter til å ha førebudd innlegg på tema.
- På innmeldingsskjema spørje etter spesielle omsyn til maten.
- Leiarmøtet bør fungere som kurs og inspirasjonssamling.
- Dersom møtet skal vere på ein annan stad bør det vere med sikte på å sjå på noko på møtestaden.
- Etter middag ser styret behov for at folk får prate saman i fred og ro utan program.
- Leiarmøtet meiner vi er svært nyttig, triveleg og sosialt møte.
- Fylkeslaget ta telefon til dei laga som ikkje er påmeld i forkant av møta.
- Kommunikasjon og marknadsføring først på dagsorden ga godt utgangspunkt for drøftingane.
- Utfordring å føre vidare innspela frå rektor ved Marknadshøgskolen.
- Innleiarane frå Norges Bondelag vart godt nytta på mange aktuelle tema i kursa og møtet.
- Det er vellukka å nytte Leiarmøtet slik at det blir ein rein kursdag og ein dag om aktuelle saker.
- Det er vellukka å invitere deltakarane til å delta ein eller to dagar etter eige ønskje.
- Avtale innlegg frå samarbeidande organisasjonar på aktuelle tema som er inviterte som gjestar.
- Vise bilete frå aktivitetar i laga for å stimulere ulike tiltak.
- Kort bli-kjend-møte med forfriskingar t d før middag med nye lokallagsleiarar og styret/kontoret.
- Det er aktuelt å invitere styremedlemene i lokallaga til framtidige Leiarmøter også, under føresetnad av budsjettdækning frå fylkeslagets disponible Opplæringsmidlar i Norges Bondelag (NB berar 8105). Dette omfattar halv møtegodtgjersle.
- Det er aktuelt å vurdere ein annan møteplass for Leiarmøtet, gjerne med utferd, eller Årsmøte 2012 for å få variasjon for deltakarane.

Rektor Trond Blindheim ved Norges Markedshøyskole i Oslo heldt opningsforedraget på leiarmøtet. Han tok for seg kommunikasjon, omdømmebygging og rekruttering til næringa, og korleis ein kan selje landbruksnæringa og få gjennomslag i marknaden. Blindheim sitt innlegg var midt i blinken for utadretta informasjon, og Bondelaget sitt arbeid med rekruttering og omdømmebygging.

Deretter deltok forsamlinga på eit av to temakurs: På kurs om næringspolitisk arbeid lokalt ved nestleiar i Norges Bondelag, Brita Skallerud, deltok det 15 personar. Dei øvrige i forsamlinga deltok på kurs i landbrukspolitikk ved seniorrådgjevar i Norges Bondelag, Anders Huus.

Fredagen vart avslutta med gruppevandring der deltakarane vart delt i fem grupper og vandra rundt for å bli kjend med innleiarane og kvarandre til samtale på desse postane:

1. Medlemsvervingskampanje: Samtale med kampanjeleiar, nestleiar Brita Skallerud
2. Norges Bondelag og konkrete næringspolitiske saker: Samtale med seniorrådgjevar Anders Huus
3. Fylkesbondelaget: Rekruttering og landbruksutdanning ved fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og organisasjonssjef Gunnar Wentzel.

4. Fylkesmannen si Landbruksavdeling: Erstatningsordningane – kva, korleis, kor mykje og når v/fylkesjordsjef Ottar Longva og fylkesagronom Kirsti Hjelme Connor

Assurandør Knut Bertil Øygard orienterte om Gjensidige – eit av Bondelagets beste medlemstilbod.

5. Gjensidige – eit av våre beste medlemstilbod: Samarbeid om førebyggjande tiltak v/ assurandør Knut Bertil Øygard.

På leiarmøtet laurdag var det næringspolitiske og faglege saker felles for alle. Nestleiar i Norges Bondelag, Brita Skallerud og seniorrådgjevar i Norges Bondelag, Anders Huus, drøfta med forsamlinga landbrukspolitiske utfordringar i ny stortingsmelding og jordbruksoppgjæret 2011.

Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik gjekk gjennom fylkeslaget sitt utkast framfor jordbruksforhandlingane 2011, som skal utsendast til lokallaga for tilbakemeldingar. Fylkesstyret gjer framlegg om ei rekkje omprioriteringar m.a. for å sjå framover før ein ny stortingsmelding.

Nestleiar i M&R Bondelag, Birgit Kjerstad, tok opp til drøfting korleis ein handterer spenningsforholdet mellom ulike produksjonar og bruksgrupper for å rekruttere alle bønder til organisasjonen.

Utvalseleiar Brita Skallerud og utvalsmedlem Gunnar Wentzel orienterte om fornyingsutvalet i Norges Bondelag om lokalt arbeid, tidlegare og tydelegare mål.

I ein eigen post i programmet presenterte to lokallagsleiarar, Odd Ingvar Torvik i Gjemnes Bondelag og Leif Inge Grebstad i Sykkylven Bondelag, korleis dei arbeider i det lokale Bondelaget.

Leiarmøtet vart avslutta med lokallaga sin time – Open Post, der fleire aktuelle og viktige saker i Møre og Romsdal vart teke opp.

#### **Heimeside 13.11.2010: - Det er en skandale, en fallitterklæring. Bonden ribbet tilbake**

- Det er en skandale, en fallitterklæring. Bonden står ribbet tilbake, sa rektor ved Markedshøyskolen i Oslo, Trond Blindheim, på ledermøtet i Molde fredag, og viste til fredagens utgave av Dagbladet om juleribbe helt ned til 10 kroner. Blindheim mente det har skjedd noe, makta har flytta seg ned til detaljstledet.

#### **Heimeside 15.11.2010: Vil bli flinkere på omdømmebygging**

- Tenk positivt og profiler dere på hvor viktig landbruket er for å ta vare på kulturlandskapet. Dette var to av rådene rektor Trond Blindheim ved Norges Markedshøyskole ga til deltakerne på ledermøtet i Møre og Romsdal Bondelag i Molde i helga. Gjennom sitt to timer lange foredrag kom han med en rekke konkrete innspill på hvordan bøndene kan drive positiv omdømmebygging, samtidig som de får fram problemstillinger som er viktige for næringa. (ROMSDALS BUDSTIKKE)

#### **Heimeside 18.11.2010: Leiarmøtet fokuserte på jordbruksavtala og landbruksmeldinga**

- Bøndene må produsere maten på ein enno meir attraktiv måte enn import-maten. Difor satsar vi på budskapet "Kjærleik til norsk mat". I dei vekene vi driv jordbruksforhandlingar skal vi fortelje om økonomi. Føresetnaden for at bonden skal kunne gjere denne jobben for samfunnet er at vi tener pengar og kan investere, sa nestleiar i Norges Bondelag, Brita Skallerud, i sitt hovudinnlegg på leiarmøtet i Møre og Romsdal Bondelag i Molde 12. og 13. november. Ho var spesielt bekymra for den auka gjelda i næringa.

### **SAK 61/2010: Tildeling av «Aktivt Lokallagsmidlar» 2010 til lokallaga**

**Vedlegg:** Tiltråding på bakgrunn av innkomne søknader frå 23. lag

(27 lag i 2009, ikkje utdelt i 2008, 26 lag i 2007, 30 lag i 2006, 29 lag i 2005, 35 lag i 2004 og 30 lag i 2003).

Til fordeling i 2010: Kr 85.148

Disponert: Aktivt Lokallag siste året Sykkylven: Kr 3 000.

**Vedtak:** Styret sluttar seg til framlegget til fordeling. Styret vil fordele kr 84 600 i Aktivt Lokallagsmidlar for 2010 i samsvar med tilråding. Fordelinga er basert på kr 400 til alle lag som har uttala seg om jordbruksavtala når dei også har sendt inn søknad og kr. 300,- til anna prioritert aktivitet etter skjønn. I tillegg kr. 4.000 til lag som har arrangert Open Gard på gardsbruk, og kr. 3.000 til lag som har arrangert i samarbeid med andre utanom gardsbruk.

Det er elles nytta midlar til Aktivt Lokallag og vervepremie på årsmøtet.

Styret er imponert og svært glad for dei mange gode aktivitetane som er i lokallaga på utadretta tiltak, tilbod til medlemene og medlemsverving. Laga får kopi av fordelingsdokumentet som også seier noko om aktivitetar i ulike lag.

### **SAK 62/2010: Fylkeslaget sine samarbeidande prosjekt – drøfting vidare arbeid**

#### **62.0 Politisk vurdering ved Jørgen Holte om dei politiske retningsvala for landbruket:**

Norsk landbrukssamvirke må ha primært fokus på råvareprodusenten og ikkje på matindustrien.

Overproduksjon i ei næring er like ille som arbeidsløyse for LO.

Må ikkje grave seg ned i detaljane, men sjå på dei store sakene. Lågpris-lina er heilt øydeleggjande.

Landbruket mest att for å spele på lag med dei som vil godtgjere arbeidskrafta.

Må la Ap få noko dei går for, og så får vi kanskje gjennomslag for resten.

Landbruk over heile landet krev virkemiddel, struktur, dyr på beite. Produksjonsregulering. Slutte å snakke om at alt skal vere så billeg. Må våge. Det er vedtak i styra og arbeidsrommet som tel.

No går dei politiske prosessane raskare enn vi er klar over.

Nortura må lære seg verdien av innsatsfaktorar. Korn- og kraftforpolitikken heng i hop.

### **62.1 Matfestivalen** ved styrerepresentant Jørgen Holte

**Bakgrunn:** Både Bondelaget og Bygdekvinnelaget er aksjonærar i Matfestivalen.

Matfestivalen har vorte eit meir regionalt arrangement for Ålesund og Sunnmøre.

Solveig Linge Stakkestad er også styremedlem i Matfestivalen for BKL.

- Utfordring korleis eller om Bondelaget skal markere seg meir, med miniseminar, stands, el a.

- Når det gjeld husdyr viser vi dette til Open Gard.

- Tidspunktet er lite egna til å samle mange medlemer.

- Alternativt at Bondelaget trekker seg ut av styret og konstaterer at det er blitt ein lokal by-festival.

#### **Jørgen Holte innleia til drøfting.**

Har meir tru på Matfestivalen no enn for tre år sida.

Føremålet er å fremme produksjon, foredling og omsetting av norsk mat.

Nortura kan ikkje la Ole Ringdal og Nordfjord Kjøtt vere åleine om å engasjere seg.

Matfestivalen har tilbydd Kokkemeistarlauget sekretariatsbistand for å få Norgesmeisterskapet tilbake til Ålesund. Ønskjer å la Bondens Marknad vere det første ein møter i gata.

Skulle vore noko fagleg i samarbeid mellom landbruksorganisasjonane. T.d. det å lage mat frå råvare av.

Mat og oppleving er reiselivsprodukt som er lite framme og skulle vore tilbydd som via 62°N.

Ganefart, premiering av beste spisestad langs vegen, har hatt premiering på Matfestivalen.

Matfestivalen har behov for landbruksorganisasjonane som alliansepartner for å få til meir.

**Konklusjon:** Møre og Romsdal Bondelag kan delta med stand, men like gjerne som samarbeidspartner på reiselivsarrangement eller miniseminar på mat og politikk. Jfr Matkjedeutvalet. Vidare å knyte saman Bondens Marknad og andre stands. Styret vil drøfte nærare kva næringa og Bondelaget skal profilere på neste festival.

### **62.2 Småkraftprosjektet** ved representant i styringsgruppa Jørgen Holte

Norges Bondelag har Småkraftprosjekt med vekt på Vestlandet og med stillingsressurs lagt til S&Fj.

Føremålet er m a å sikre at ressursane blir utnytta på bonden sin hand og gode avtaler.

- Mange småkraftverk blir følgt av satsing og nye fjøs og påbygg.

Småkraftforeininga har trekt seg ut av prosjektet som no er halvvegs.

Oppsøkt 500 rettshavarar med oppmoding om å skipe eit fallrettslag anten ein vil nytte han sjølv eller leiger ut for å hindre at ein sel ut verdiar på garden.

Siktemålet er å skape næring ut av alle ressursane på garden.

Konsesjonære bestemmelser er moderne. Jfr olje der alle må halde seg til konsesjon, reguleringar, har særskattelovar.

Prosjektet arbeider litt med arealsaker i samband med vindkraft.

BU-midlane kunne vore nytta i samband med konsesjonssaker for å ta førsterisiko dersom det ikkje vart gjeve konsesjon.

Behov for å kjempe for dei politiske rammevilkåra for småkraftverk.

Jørgen meiner prosjektet bør halde fram, vere landsfemnande og ta opp vindkraft.

### **62.3 Prosjekt Matmangfold** ved leiar styringsgruppa Arne Magnus Aasen

Landbruk Nordvest har ansvar for prosjektet med Stein Brubæk som prosjektleiar. Går fram til oktober

2011. MatNorge nettportal for tinging av produkt der seks fylke skal delta. Kjøparar i storhushald kan

nytte portalen for kontakt med seljarar utan at det blir midlar att til å finansiere portalen. Distribusjon er utfordring. Spørsmål om kva som skal finansiere tiltaka etter at prosjektperioden er over. Landbruk

Nordvest ønskjer at Norsk Landbruksrådgiving skal gå inn i matprosjekta. Målet no er å sikre dei produsentane som er oppe framfor etablering av nye.

**62.4 Prosjekt Verdfulle opplevingar** i regi av Allskog – styringsgruppa Arne Magnus Aasen

Målet er å utvikle fleire opplevingar og pakketilbod.

Det er rett at prosjektet nyttar Din Tur som aktør.

**62.5 Informasjon om Norsk Landbruksrådgiving** ved styreleiar Arne Magnus Aasen

Norsk Landbruksrådgiving har utvikla seg kraftig i vår region. Det er også sett inn ekstra midlar for å få dette til. Tilbodet er utvikla på planlegging av bygg, råd rundt maskinar og økonomi/investering.

Tida er moden for å ta nokre overordna grep i norsk landbruk. Kan ikkje vente at inntektsutviklinga berre skal skje via jordbruksavtala. Mykje dobbeltarbeid i organisasjonane. Tine Midt-Norge og Vest konkurrerer med Landbruksrådgiving om bygg. Nortura går betre og arbeider også med nye rettleiarar.

Bondelaget kan reise ein del diskusjonar, men har ikkje tid til at ting tek for lang tid framover.

**SAK 63/2010: Rovdyr i Møre og Romsdal – Strategi og forvaltningsplan – frist 1. Mars**

**Vedlegg:** Møre og Romsdal Bondelag sin uttale til forvaltningsplanen av 20.2.2009.

Drøfting med **rovdyrtalsmann Oddvar Tynes**. Han presenterte fylkeslaget sin strategi over mange år om å ikkje fordele rovdyra over størst muleg område som har vore synspunktet til småbrukarlaget og sau- og geit i fylket og dei andre fylkeslaga i vår rovdyrregion.

Ordførarane rundt Trollheimen har engasjert seg sterkt for å få Trollheimen fri for ynglande jerv.

På møte på Sunndalsøra 14. okt deltok også Ap's rovdyransvarleg på Stortinget forutan stortingsrepr Tove-Lise Torve og leiar i Rovviltutvalet Torill Melheim Strand. Desse to sa at Møre og Romsdal Bondelag var den einaste som heile tida har stått fast på at Trollheimen skulle vere fri for ynglande jerv.

Leiar Inge Martin Karlsvik hadde lesarinnlegg i avisene om rovdyr i forkant av møtet.

**Vedtak:** Styret vil leggje opp til denne strategien vidare i rovdyrarbeidet:

- Møre og Romsdal fylke bør ha ambisjon om også framover å vere eit aktivt husdyrfylke der beitebruk med husdyr i landskapet er prioritert arealbruk på inn- og utmark.

For småfe er dei beste beita i indre strok der det også er rovdyrproblem.

Sunnmøre er utanfor område for ynglande rovdyr og med det utan store rovdyrproblem.

**Jerv:** Områda med ynglande jerv må vere i dei indre og høgareliggjande fjellstroka midt i fylket opp mot nabofylka der det er naturlege byttedyr.

Trollheimen meiner vi skal vere utanfor området for ynglande jerv liksom Oppdal og Rennebu og slik Rovviltnemnda no har innstilt på i forslag til ny forvaltningsplan.

Fylkeslaget godtek at det er inntil 3 ynglande jerv plassert i dei store verneområda Snøhetta og Reinheimen som også har naturlege byttedyr.

**Gaupe:** Nordmøre har mål om 2 ynglande gaupe sør til Sunndalen – Sunndalsfjorden. Rovviltnemnda går for at det skal vere lite jakt på gaupe i dette området for å byggje opp bestanden. Vi meiner det er prinsipielt ønskeleg at det er høve til jakt slik at kvoten burde vere på minst ein gaupe, slik Rovviltnemnda no har vedteke for 2011. Resten av fylket har kvotefri jakt på gaupe.

Fylkesstyret står fast på øvrige punkt i tidlegare uttaler til forvaltningsplanen.

**SAK 64/2010: Fornyingsutvalet i Norges Bondelag – Uttale frist NB 20. Jan.**

**Vedlegg:** Rapporten vedlagd elektronisk. Vart gjennomgått på Leiarmøtet.

**Vedtak:**

Møre og Romsdal Bondelag sluttar seg til tilrådinga med desse supplerande kommentarar.

Den nye tillitsvalde og tilsette leiinga i Norges Bondelag skal ha honnør for å våge og satse på nye arbeidsmåtar. Fornyingsutvalet har hatt stor støtte i organisasjonen for å tilrå fornying på fleire område.

Lokallaga sine svar på Quest-back-undersøkinga går til Norges Bondelag innan 15.12. Dersom det er synspunkt frå laga i fylket som vesentleg avviker frå fylkeslaget sitt vedtak vil styret vurdere det på ny.

**Visjoner og merkevarebygging:** Fleire etterlyser at Norges Bondelag har ein tydeleg og kjend visjon, nokre få tydelege hovudmål som organisasjonen blir gjenkjend på, og at vi arbeider med omdømebygging eller ”merkevarebygging” både for landbruksnæringa og Bondelaget. Det må framleis vere ein dugnadsand i heile organisasjonen.

**1.1 Endring av ressursbruken til meir utadretta arbeid** – vil krevje dagleg prioritering frå leiinga på alle plan mot til å seie nei til nokre tidlegare arbeidsmåtar for å kunne utføre nye prioriteringar. Vi har ikkje kultur i organisasjonen for tøff prioritering og seie nei i det daglege arbeidet. Då blir det krevjande å snu arbeidsmåten i retning av forslaga i punkt 5 om kommunikasjon og omdømmebygging.

Dei endringar som blir gjort no bør ha som perspektiv å svare på utfordringane ein 5 – 10 år framover. Då ser vi endringar som følgje av det store generasjonsskiftet vi er inne i og raskare strukturutvikling.

Bondelaget er ein erfaren forhandlingsorganisasjon. Dei fleste organisasjonar ser ut til å oppnå mest gjennom underhandsdrøftingar og kontakt i god tid før vedtak blir gjort hos styresmaktene. Dei fleste verksemdar når lengst gjennom å ha eit godt omdøme, bygge relasjonar, arbeide med saker, samarbeide og argumentere seg fram til løysingar. Elleve måneder i året bør vi vere ein forhandlingsorganisasjon. Ein måned skal vi vere kamporganisasjon.

2.1 Vi god tru på at ein **landsstyremodell** vil vise seg å vere positivt for å gi organisasjonen meir dynamikk. Men det vil krevje at instruks og budsjett fører til at fylkesleiarane delegerer aktivt i sine fylker slik at samla aktivitet blir som i dag. For det er viktig at fylkesleiarane kan vere aktive bønder. Dette kan gi større bredde, god kompetanse og breiare rekrutteringsgrunnlag.

2.2 Forslaget om å **skyve fram faste møter** i organisasjonen tidlegare på hausten er naudsynt for å kunne endre arbeidsmåten. Vi innser det blir ein jobb for heile organisasjonen å få det til.

3.3 Norges Bondelag bør **utarbeide felles retningslinjer med tilråding til godtgjersle i lokallaga** ut frå visse kriteria. Det bør vere eit mål at flest muleg lag har kostnadsrefusjon utan meldepliktige ytingar. Det er spesielt ein utfordring i f t godtgjersle for laga sin deltaking på fylkeslaget sine årlege møter. Dette kan også vere ved ein daggodtgjersle på kr 1.000 som for inntil fire dagar i året blir opp mot oppgavepliktgrensa på kr 4.000. Når fylkeslaga sine rekneskap frå 2011 blir ført i Norges Bondelag vil lønsmelding bli sendt frå sentralt hald.

3.5 Møre og Romsdal Bondelag har gode erfaringar med nokre av dei tiltaka som er nemnt i tilrådinga:

- Leiarmøtet i fylket med kurs m.a. for nye tillitsvalde.
- Premiering på fylkesårsmøtet av Aktivt Lokallag.
- Premiering på fylkesårsmøtet av lag og einskildpersonar som har verva minst 5 nye medlemmer.

5. **Kommunikasjon og omdømmebygging.** For å forsterke og effektivisere innsatsen er det ønskjeleg at fylkeslaga får gjerne enkle maler for foredrag, innlegg eller argumentlister på aktuelle saker. Norges Bondelag sentralt har vore dyktige til å kome med rammer for ulike informasjonsaktivitetar i mange år. Det er normalt tilstrekkeleg med enkle idéskisser og ikkje krevjande dreiebøker. Vi må ha fokus på at artiklar egna for regionale media må vere prioritert framfor heimesidene for å arbeide utadretta. Lokal mediekontakt i praksis er den beste skulen for nye sjølv om den er tøff.

#### **SAK 65/2010: Invitasjon til å delta i regionalt nettverk for gardsbasert biogass**

I løpet av 2010 har det vært nær kontakt mellom en del aktører i Midt-Norge som er engasjert i å realisere gårdsanlegg for biogassproduksjon. Med støtte fra SLF og FMLA i regionen er det opprettet et nettverk som ledes fra Bioforsk Økologisk på Tingvoll. Alle fylkene er representert i arbeidsutvalget. Nettverket er nå godt etablert, med ca 15 aktive medlemmer fra FoU, forvaltning, rådgivning og gårdbrukere, egen side på Facebook, og en hjemmeside på [www.bioforsk.no](http://www.bioforsk.no) (søk under prosjekter, biogass). I 2011 planlegges to nettverksmøter og en studietur til Østlandet. Faglagene i de tre fylkene blir invitert til å delta i nettverkett.

**Vedtak:** Møre og Romsdal Bondelag kan delta i nettverket med ein representant under føresetnad av at prosjektet dekkjer kostnadene våre til reise- og møtegodtgjersle fullt ut. Fylkeslaget har berre økonomi til å drive primær oppgåvene. Innan energisektoren er det omfattande prosjektmidlar. Vår representant blir i så fall Anne Katrine Jensen.

#### **SAK 66/2010 Utferd for styret og sekretariatet**

**Vedlegg.** Leiar og org sjef ønskjer eit intensjonsvedtak om styret har høve til å prioritere ein 5 dagars utferd t d til Nord-Italia i veke 13 (alternativt 14) på vekedagar med muleg utreise sundag og der dei direkte reise- og opphaldskostnadene blir dekkja og med møtegodtgjersle for 2 dagar. Maks budsjettbelastning for fylkeslaget sine oppsamla midlar på kr 100 000. Kontoret har oppsparte velferdsmidlar. Utferdta vil erstatte styremøtet etter årsmøtet og eit anna styremøte.

Vi vil tenkje gjennom om det er aktuelt med eksterne gjestar.

**Vedtak:** Styret ber om at det blir arbeid vidare med planar for ein studietur for fylkesstyret og sekretariatet. På bakgrunn av mulegheitene for å få til eit fagleg relevant opplegg innan budsjettmessige rammer vil styret ta endeleg avgjerd. Føresetnaden er at omtrent alle i styret og alle tilsette kan delta.

#### **SAK 67/2010 Kvoteordninga for mjølk – høyring – frist til NB 21.1.2011**

**Vedlegg:** LMD utgreiing om endringar i kvoteordninga – på mail. Utdrag om sovande kvote.

Norges Bondelag har sendt til høyring forslag frå LMD til endringar i kvoteordninga for mjølk. NB er overraska over at forslaga ikkje er drøfta med partane tidlegare sidan dei fleste endringar som er gjort i kvoteordninga har skjedd i jordbruksforhandlingane. Men ein føreset at endringar blir gjort i lag med partane eller i forhandlingane til våren. NB strekar under at føremålet med kvoteordninga primært er produksjonsregulering.

**Vedtak:** Styret ser det som ønskjeleg å få ro rundt strukturpolitikken på lengre sikt.

Styret meiner ei viss liberalisering slik det er framlegg om vil gi større ro og styrke topprisordninga.

Politikken må leggje opp til økonomi på vanlege bruk og halde fast på strukturinnretninga.

Avgjerande at drifta blir planlagd ut frå ønskje hos brukaren og forholda på garden.

Styret viser til reglane for hald av storfe med krav til lufting og er oppteken av at forholda blir lagt til rette for beitebruk og husdyrgjødsling av alt areal.

Prisen på statleg kvote bør bli senka. Styret trur ikkje dette vil bety mindre sal av kvote ved at folk leiger bort kvoten i staden for å selje den.

**Kvotetak:** Primært går vi inn for likt kvotetak for alle føretak. I dag er det høve til å gå inn i samdrift med kvotetak på 750.000 liter og i praksis berre vere ein aktiv brukar. Styret legg difor til grunn at dette er maksimalt kvotetak i dag og går inn for 750 000 liter som kvotetak.

Styret presiserer at når det går inn for eit så høgt felles kvotetak er det ikkje meint som vårt mål for framtidig struktur i mjølkeproduksjonen. Tilpassing av produksjon til garden sine forhold, utnytting av lokale førmidlar og krav om beiting bør vere avgjerande for bonden sitt val av drift.

Styret ser difor ikkje 750.000 liter som eit produksjonsnivå som er naturleg for storparten av norsk mjølkeproduksjon. Vi treng ein variert bruksstruktur der volumet må tilpassast det einskilde bruk og til ulike delar av landet.

Sekundært sluttar vi oss til forslaget frå LMD om at alle føretak kan inngå privatrettslege avtaler på kjøp, leige eller felles føretak (samdrift) opp til 400.000 liter som for einskildbruk i dag, samt at reglane for samdrift blir vidareført.

Taket på 5 i samdrift bør bli fjerna.

Protokolltilførsel: Kvotetak på 750.000 liter vart vedteke med 4 stemmar. Kjerstad og Stakkestad går inn for eit felles tak på 500.000 liter og ber om at det blir protokollert. Dette vart grunngeve med at kravet til beiting, produksjonsmiljø og avstandar gjer det lite formålstenleg med større kvote enn maksimalt 500 000 liter pr føretak.)

**Sovande kvote:** Styret ser ingen grunn til å endre dagens regel. Dette har gjeldt i mange år, med varierende reglar sidan 1985/1993 og 1999, om at sovande kvote berre kan takast i bruk om det først skjer ved produksjon på eigen gard i 2 år.

Styret meiner at på sikt og med eller utan ein WTO-avtale kan dette skape ny usikkerheit om forholdstal og marknadsoverskot. I praksis meiner vi dette vil bety at det blir fleire som får betalt for å leige ut eller i framtida selje kvote på kostnad av aktive produsentar. Sovande kvote på 42 mill liter med minimumspris kr 3,50 blir ved sal 147 mill kr som produsentane må betale i staden for å få auka forholdstal.

**Vi er samde i desse endringsforslaga frå LMD:**

- Delar av kvote skal kunne seljast, liksom at det i dag er høve til å leige bort delar av kvote.
- Kvotekjøp innan den statlege kvotedelen bør bli fordelt som i dag, men at lik minstekvote for alle blir auka til 5.000 liter.
- Høve til oppstart av mjølkeproduksjon ved kjøp av kvote i marknaden.
- Høve til å produsere disponibel kvote på det bruket ein ønskjer innan regionen.

**SAK 68/ 2010 Informasjonstiltak våren 2011**

**– Landbruksmeldinga og jordbruksforhandlingane**

**Vedlegg:** Norges Bondelag om Landbruksmeldinga – tiltak for politisk påverknad.

**Hovudmål:** 1. Påverke politikarar. 2. Medieoppslag. 3. Engasjere medlemmer og lag.

**Bodskap:** Vedtak og notat frå Norges Bondelag.

**Møte om Landbruksmeldinga i januar/februar**

Norges Bondelag har bede fylkeslaga vurdere å skipe til stormøte på stortingsmeldinga.

**Vedtak:** Styret går inn for at det blir arbeidet med å få til eit lunsjmøte om Landbruksmeldinga i januar i amfiet til Sunnmørsposten i Ålesund som rømer ca 100 personar. Prøve få til samarbeid med LO/NNN. Etter lunsjmøtet aktuelt å ha tilsvarende møte der bønder blir invitert.

Aktuelle innleiarar kan vere sentrale Ap-politikarar, Else-May Botten, Rigmor Andersen Eide, LO/NNN og Norges Bondelag.

Andre informasjonstiltak som er aktuelle:

**2 Landbrukskonferansen årsmøtet** fredag 11. Mars 2011 Molde.

**3 Lokallaga:** Ein oppgave kvar: Kontakt ordførar eller sentral partirepr. Supplere brosjyre.

**4 Møre og Romsdal fylke:** Uttale til jordbruksforhandlingane 2011 – sendt innspel.

**5 Vestlandsfylka:** Samarbeid hovudpunkt jordbruksavtala 2011.

**6 Landbrukssamvirket:** Mars – samarbeid uttale jordbruksavtala i utvida styremøte.

**7 Informasjonsaksjonsdag i april**

**8 Felleskjøp-Veka medio april:** Stands og evt arrangement.

**SAK 69/2010 Eventuelt – Innkome skriv frå Hildre og Vatne Bondelag**

**Vedlegg:** Skriv frå Hildre og Vatne om levering av landbruksplast.

Landbruksplast skal vere gratis å levere mot eit hentegebyr. Den blir normalt brent.

Vurdere om Felleskjøpet som seljar kunne inngå avtale med forbrenningsanlegg. Alternativt at lokal- eller fylkeslaget kontaktar aktuelle mottakarar om dei vil hente plast og avtale pris for best muleg vilkår. Eit anna alternativ er forbrenningsanlegg på garden. Fylkeslaget kontaktar også Norges Bondelag om aktuelle løysingar på sikt.

**SAK 70/2010 Referatsaker**

**1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving**

**Vedlegg:** Medlemstal lokallaga pr 29. nov 2010

Medlemstal 01/01-10: 3.423    **Medlemstal pr 29. nov. 2010: 3.412    -11**

**Nyinnmelde i 2010: 132    Utmelde: 143** (av desse 13 døde og 32 stopp ubetalt)



## Oppsummering medlemsvervingsaksjon så langt:

**Vedlegg:** Liste over nyinnmeldte pr. 29. nov – så langt 39 nye medlemmer

## 2. Nytt frå lokallaga

### Heimeside 08.11.2010: Gjemnes Bondelag med populær kukafè

Mangt av stort og smått er emne når aktive bønder treffest til sosialt lag. Ikkje berre fagprat, men også muntre historier og kommentarar. - I fjor samlast vi slik ein gong i månaden for å snakkast og ha det triveleg i lag, fortel John Eikenæs i Gjemnes Bondelag til ROMSDALS BUDSTIKKE.

### Heimeside 09.11.2010: Ålvund Bondelag dannet

De to lokale bondelagene Ålvundeid og Ålvundfjord i Sunndal kommune har slått seg sammen til Ålvund Bondelag. Over tretti medlemmer deltok på det felles årsmøtet mandag 1. november. Det nye laget får rundt 65 medlemmer.

### Heimeside 23.11.2010: Hjørundfjord Bondelag engasjerer seg for pelsdyrhaldet

Hjørundfjord Bondelag ser på pelsdyrnæringa som seriøs, og meiner ho er i ferd med å verte øydelagt av ein mobb. Årsmøtet i bondelaget vil no forfatte ei fråsegn til støtte for pelsdyrhaldarane. - Vi er i ein fortvila situasjon, og kjem ikkje til orde i media om korleis vi driv, sa pelsdyroppdrettar Jon Arne Nordang på årsmøtet (MØRE-NYTT)

## 3. Aktuelle saker – politiske arbeid – orienteringar:

### **3.1 Beholdning Møre og Romsdal Bondelag pr 24.11.:** Ca kr 950.000. Pr 1.1.2010: kr 875.000.

Tilsegn fylket om midlar til Rekruttering osv på kr 400.000 mot rekneskap er ikkje med.

### **3.2 Pelsdyrnæringa i Møre og Romsdal**

**Vedlegg:** Presseklipp frå Avisa Møre-Nytt med leiar i Hjørundfjord Bondelag, Knut Hustad.

### **3.3 Utløysing av krav om lausdrift ved utviding av kubåsplassar**

Lasse Krogset har teke opp at Mattilsynet endrar godkjenning når det gjeld skiljet mellom oppgradering og utviding i f t nybygg og krav om lausdrift. Ikkje godkjend ombygging av plansilo til husdyrrom ope til gjødselkjellar. Utviding med meir enn to kubåsplassar blir sett på som omfattande og krav om lausdrift. Også påbygginger og ombygginger vil i noen tilfeller regnes som nybygg og utløser krav om gasstett forbindelse mellom husdyrrom og gjødsellager. Et vesentlig moment i denne vurderingen er om påbygging/ombygging inkluderer bygging av nytt gulv i husdyrrommet. Ved bygging av nytt gulv, skal dette regnes for å være nybygg og det tillates dermed ikke at man har åpen forbindelse mellom husdyrrom og gjødselkjeller. Begrepet *nybygg* i forskriften omfatter dermed: Frittstående bygg bygget fra grunnen av etter 22.04.04. Tilbygg/påbygg bygget fra grunnen av etter 22.04.04, når tilbygget resulterer i et eget, nytt husdyrrom som ikke har åpen forbindelse med eksisterende husdyrrom. Annen bygningsmasse (for eksempel plan-/flatsilo, fórrum, gjødselkjeller) som opprinnelig ikke er bygget for oppstalling av storfe, og som heller ikke er benyttet til dette før 22.04.04, men som tas i bruk til oppstalling av storfe dersom ombyggingen inkluderer bygging av nytt gulv i husdyrrommet.

### **3.4 Kurskalender for Møre og Romsdal.**

Kurskalender for kurs og samlingar er lagt ut på heimesidene til Møre og Romsdal Bondelag, <http://www.bondelaget.no/moreogromsdal> Oppdatering vil skje jevnleg gjennom at fylkeslaget hentar informasjon frå organisasjonane sine heimesider. Kurskalendaren vil bli utvikla vidare både når det gjeld innhald og distribusjon.

### **3.5 Det norske måltid 2010 – fylkesjury**

Solveig Linge Stakkestad har vore M&R Bondelag sin representant for kåringa av Det norske måltid. Vinnarar vart presentert i Stavanger på arrangementet Årets Måltid 25.november.

Solveig Linge Stakkestad var i den regionale juryen i Trondheim 30. sept, som repr. frå Møre og Romsdal. Perly Larsen frå Bondelagskontoret i Sør-Trøndelag var også i juryen.

Solveig Linge Stakkestad vart også spurd av NBK- leiaren sentralt om å sitte i den nasjonale juryen i Oslo 28. okt, og ho deltok også på arrangementet Årets Måltid i Stavanger 25.nov.

**3.6 Brev av 23. nov. om bruk av media lokalt frå Ingrid B Opsvik** til Brita Skallerud og fylkeslaget **Vedlegg.** Innspel på korleis lokallaga kan få draghjelp frå fylkeslaget og Norges Bondelag i forhold til å synleggjere landbruket i media - på ein måte som skaper forståing for verdien av norsk landbruk har for busetting, sysselsetting og verdiskaping over heile landet.

**3.7 E-post frå M&R Bondelag til stortingsrepr. Else May Botten (Sp), næringskomiteen, med innspel til Ny stortingsmelding om Landbruks- og Matpolitikken våren 2011.**

**Vedlegg:** M&R Bondelag peikar på fire område der vi ber politikarane i Møre og Romsdal ha store ambisjonar for norsk landbruksproduksjon:

- 1 Framtidsretta ambisiøse mål om auka matproduksjon på norske naturressursar
- 2 Samla rammevilkår med kronemessig inntektsutvikling og sosiale kår som kan konkurrere med andre grupper om yrkesval og utdanning.
- 3 Omfattande langsiktig investeringspakke - fond på 14 mrd kr over 10 år
- 4 Sterke distriktsvirkemiddel bli ført vidare og vidareutvikla

**3.8 Heimeside 26.11.2010: Bare halvparten av bøndene i M&R har brannvarslingsanlegg**

I 2009 ble det registrert det høyeste antall landbruksbranner på over ti år i Norge. Ny statistikk fra Gjensidige viser at kun 53 prosent av bøndene i Møre og Romsdal har installert brannvarslingsanlegg på gården. Hvert år brenner det på mellom 20 og 30 gardsbruk bare i Møre og Romsdal. Gjensidige ønsker nå økt oppmerksomhet rundt forebygging av brann (TIDENS KRAV)

**3.9 Svanemerking av gard** – Anne Katrine Jensen orienterte om avfallshandtering og kostnader

**3.10 Nortura** – Hans Frafjord peikte på store utfordringar .

#### **4. Saker frå Bygdekvinnelaget**

**Inspirasjons og leiarseminaret** vert halde 5. februar 2011 på Seilet i Molde. Leiaren Kathrine Kleveland kjem på dette møtet. Eit tema vil bli det nye prosjektet ”Kvinner åpner bygda”

**Årsmøtet** vert på det nye Vårsøg hotell i Surnadal. 2.-3. april 2011

**Kontingenten** frå NBK har gått opp, det er no kr 450,- til NBK. Kontingenten til fylkeslaget har vore uendra lenge og er kr. 120,-

Fylkesstyret har bestemt at lokallaga i Bygdekvinnelaget kan få kjøpe **kokeboka** til kr. 250,- det blir ekstra inntekt for laget når utsalstprisen er 398,-. Utsalstpris i bokhandel er 428,- .

Det er att ein del **Dvd av ”Slik gjorde dei det”**. Dette kan vere tips til å selje til skular og aldersheimar.

#### **5. Saker frå Bygdeungdomslaget**

Jamn god aktivitet i Halså, Gjemnes og dels i Surnadal. Fylkesstyret har blitt minna om at det siste to år er brukt mykje pengar av formuen sjølv om dette har vore ein bevisst strategi for å auke aktiviteten.

#### **6. Referat frå møter og arrangement**

**5.-6. Nov: EU-konferanse Regionenes Europa** i Møre og Romsdal Nei til EUs regi i samarbeid med Bondelaget og Fagforbundet på Rica Seilet Molde. Det var 60 deltakarar fredag og 40 laurdag, derav 8 frå lokal- og fylkeslaget. Samlinga vart ein god skole i nasjonal og internasjonal politikk og regional utvikling. Det ga høve til kontakt med fleire sentrale politikarar. Fire stortingsrepresentantar frå ulike fylker, fire ordførarar frå fylket og ambassaderåden ved EU ambassaden i Norge var mellom dei 12 foredragshaldarane. I tillegg var det helse- og sosialpolitisk talskvinne i Fagforbundet, Kjellfrid Blakstad, Heidi Høgset fra Høgskolen i Molde og direktør Roar Tobro ved Møreforskning.

Frå fylkeslaget: Inge Martin Karlsvik, Birgit Oline Kjerstad (fre), Anne Katrine Jensen, Hans Frafjord (fre), Audun Skjervøy, Arne Rekkedal, Gunnar Wentzel, Arild Erlien, Anne Turid Myrbostad.

##### **Heimeside: Breidt politisk miljø samla til EU-konferanse i Molde:**

Regionenes Europa - kommunesamanslåing, landsdelsfylker og interkommunalt samarbeid var blant sakene som vart sett på dagsorden på ei konferanse som Møre og Romsdal Nei til EU i samarbeid med Bondelaget, Fagforbundet og Naturvernforbundet nyleg arrangerte i Molde. Konferansen var støtta av Utanriksdepartementet, og

samla over 60 deltakarar frå eit breidt politisk miljø. Eit tema som vart teke opp av Heidi Høgset frå Høgskolen i Molde var regionalisering og mulegheitene for lokal matproduksjon og reiseliv.

**30. okt og 6. nov: Temadagar Eigarskifte, Stranda og Surnadal.** 71 deltakarar. Ole Rødstøl. Arild Erlie Atle Frantzen.

#### **Stor deltaking på temadagar om eigarskifte**

Over 70 personar har delteke på to lærerike temadagar om eigarskifte som Møre og Romsdal Bondelag har halde på Stranda Hotell laurdag 30. oktober og på Kløverstua i Surnadal laurdag 6. november. Begge stader med møtestart kl. 10.30 og avslutning kl. 17.00. Temadagane er arrangert i samarbeid med næringsavdelinga i Stranda kommune og Surnadal kommune ved næring og utvikling. Bondelagets samarbeidsadvokat Ole Houlder Rødstøl sto for det faglege innhaldet for dei 42 deltakarane på Stranda og 29 deltakarane i Surnadal. Arild Erlie frå fylkeskontoret deltok som vertskap og møteleiar på Stranda, og Atle Frantzen i Surnadal.

Fylkeslaget har kvar haust dei siste åra halde temadag om eigarskifte i Molde. Dei har vore så populære at denne gongen heldt vi temadagar, både på Sunnmøre og på Nordmøre. Tre nye unge bønder melde seg inn i Bondelaget i samband med kurset i Stranda, og to nye i Surnadal.

Ole Houlder Rødstøl er partner i advokatfirmaet Øverbø Standal & CO i Molde og samarbeidsadvokat for Møre og Romsdal Bondelag. Han har særlege arbeidsområde knytt til generasjonsskifte, forretningsjuss, odelsrett og skatt/arveavgift. Han har sjølv drive eigen gard med dyr i Molde.

Temadagen hadde ikkje som formål å setje deltakarane i stand til å gjennomføre eit eigarskifte på eiga hand med utfylling av alle skjema. Derimot var det fokus på regelverk for planlegging og gjennomføring av eigarskifte, og kva ein bør vere merksam på av økonomiske og menneskeleg omsyn. Advokaten var oppteken av at familiane må vere flinke til å samtale framfor eit eigarskifte.

Under temadagen hadde samarbeidsadvokat Ole Houlder Rødstøl ein gjennomgang av sentrale tema som t.d. odelsrett, særeige eller felleseige, uskifte bu, sambuarar, skatt og avgift, overdragingsformer, takst, kjøpesum, tidlegpensjon, m.m. Ole Rødstøl trakk fram ei rekkje døme på kva som var lurt og kva ein ikkje burde gjere anten det var mellom-menneskelege eller økonomiske forhold.

- Målgruppe for temadagen var alle som skal inn i eller er inne i ein eigarskifteprosess. Sjølve prosessen kan ta lang tid og det er viktig å inkludere og involvere alle berørte partar, unge og eldre generasjon. Kurset var gratis som ein medlemsfordel for medlemmar i Norges Bondelag. Ikkje-medlemmer betalte kr. 400.

**25. november: Styremøte i Norsvin** Møre og Romsdal, Inge Martin Karlsvik orienterte om aktuelle saker

**25. nov. Norske Felleskjøp kurs om korn- og kraftforpolitikken** på Felleskjøpet i Molde. Kornpolitisk talsperson Hans Frafjord, Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

**29. nov Norges Bondelag møte for representantar i styra for Innovasjon Norge** ved Anne Katrine Jensen. Drøfta m a kven som skal handsame BU-sakene som er på høyring.

**30. nov: Konferanse flåttbårne sjukdomar og beiting.** Molde. Arr: FMLA. Birgit Kjerstad.

## **7. Arbeids- og møteplan 2010**

(Dato ajourført: 16.12.2010)

**Samarbeid om regionmøte med Landkreditt på Skaret 24. Jan kl 20.00** som gjerne vil kombinere sitt valmøte med oss som medarrangør. Temaforslag: Pensjon.

**Tysdag 11. januar: Dagsamling på fylkeskontoret i Molde for nye tillitsvalde i lokallaga som ikkje deltok på det utvida Leiarmøtet i november**

Tema: Organisasjon og næringspolitikk. Sidan vi inviterte heile styret i lokallaga på Leiarmøtet i Molde i november vil vi ikkje ha dei vanlege samrådsmøta med lokallaga i januar. I tillegg står fylkeslaget til disposisjon som før til å delta på evt møter framfor jordbruksforhandlingane.

**Samling for unge bønder – nye medlemmer i Bondelaget fredag 28. og laurdag 29. januar 2011**

Samlinga vert halde på Hotell Rica Seilet. Invitasjon vert sendt ut på e-post og brev til alle medlemmer under 35 år i M&R Bondelag (ca. 450) i desember, og marknadsført elles på heimeside, Bondebladspalta og andre media. Samlinga gratis for medlemmer i Bondelaget, og deltakaravgift for andre.

Med utgangspunkt i den aktuelle utviklinga i landbruket i fylket ser fylkeslaget eit klart behov for å styrka rekrutteringa av bønder. Dette er ei stor oppgåve, som omfattar t.d.: Rekruttering inn i næringa. Rekruttering av nye/unge bønder til å bli dugande og aktive bønder. Rekruttering til landbruksutdanning. Rekruttering av fleire kvinner til å bli aktive i landbruket.

**Dato styremøta i januar, februar og mars**

Fylkesårsmøtet vert halde i Molde fredag 11. og laurdag 12. mars. Sakspapir og årsmelding m.m. må då sendast utsendingane ca. fredag 4. mars.

**Styremøte om behov tysdag 25. januar**

**Styremøte tysdag 22. Februar** Årsmelding, rekneskap, sakliste, program og saker til årsmøtet.

**Styremøte torsdag 3. Mars** med samvirke for handsaming av uttale til jordbruksforhandlingane.

Lokallaga sin frist for uttale vert sett til 20. februar. Fristen for lokallaga er flytta fram fem dagar i høve til tidlegare år då mange uttaler kjem etter fristen slik at styret ikkje rekk å lese dei før fylkesstyremøtet. Fylket frist 11. Mars.

Det er vinterferie i skulen i veke 9 – frå 28. februar til 4. mars

**Styremøte i april-mai vurdere utferd Nordmøre:** Nesset, Sunndal, Surnadal, Tingvoll.

Alternativt til hausten om det blir anna styreutferd.

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
11. januar	Samling nye lokale tillitsvalde	Bondelagskontoret	Dei som ikkje var på Leiarmøtet
15. januar	Frist for lokallaga forslag til valnemnda		
25. januar	Styremøte ved behov		Styret
januar/februar	Møte i valnemnda		
28.-29. januar	Samling for nye unge medlemmer under 35 år	Molde Seilet	Nye unge medlemmer
10. februar	Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte		
20. februar NB!!	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		
22. Februar	Styremøte årsmelding rekneskap	Molde	Fylkesstyret
28. februar	Frist påmelding fylkesårsmøtet		
1. mars	Kontingentforfall		
3. mars	Styremøte utvida. Uttale jordbruksforh	Molde	Fylkesstyret + samvirkerepr
11. mars 2011	Landbrukskonferansen i lag LNordvest,FMLA	Molde Alex	Landbruksinteresserte
11.-12. Mars 2011	Årsmøte M&R Bondelag	Molde Alex	Årsmøteutsendingar og gjestar
1. April	Påmelding Open Gard		
8.-9. Jun 2011	Årsmøte Norges Bondelag	Lillehammer	Årsmøteutsendingar
21. aug	Open Gard		Lokallaga
24.-28. august	Den Norske Matfestivalen	Ålesund	

Audun ikkje måndagar

**Oversikt/invitasjonar/representasjon andre møter og arrangement:**

**Rovdyrdemonstrasjon i Oslo 17. desember etter initiativ frå Nord-Trøndelag:** Fylkeslaget informerer lokallaga, sau- og geitalslaget, og nokre spesielt aktive om rovdyrdemonstrasjonen i Oslo og oppmoder om å delta og eventuelt å slutte seg til reiseopplegget. Fylkeslaget vil gjerne ha tilbakemelding om det er nokre som deltek. Det er ønskjeleg at Møre og Romsdal Bondelag er representert.

**10. jan Surnadal BL:** Kløverstumøte dag eller kveld. Stortingsrepresentant Borten Moe? Inge Martin Karlsvik.

**19.-20. Jan:** Norges Bondelag organisasjonssjefsamling Oslo. Gunnar Wentzel.

**Møtet heva kl 13.15**

Referentar: Gunnar K Wentzel

Arild Erlien